

SVEIO KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: tysdag 7. mai 2019

Tid: kl. 18.00

Sted: Kommunestyresalen, Sveio kommunehus

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50, som sms til mobiltlf. 959 86 979, eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gi melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vert innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt internt. Sakskartet elles vil bli lagt ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no.

Sakliste:

- 6/19 Godkjenning av protokoll frå møtet 22.01.19
- 7/19 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Internkontroll i Sveio kommune»
- 8/19 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Saksførebuing og vedtaksoppfølging»
- 9/19 Sveio kommune - uttale til årsrekneskapen for 2018
- 10/19 Ryvarden Kulturfyr KS – rekneskap 2018
- 11/19 Revisjonsavtale til 2020 – bruk av opsjon eller nytt anbod i år
- 12/19 Referat- og orienteringssaker 07.05.19

Eventuelt

Sveio/Aksdal, 30.04.19

Olav Haugen
leiar (sign.)


Toril Hallsjø
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi:	Ordførar	(møte- og talerett)
	Revisor	(møte- og talerett)
	Rådmann	(invitert/kalla inn i sak 7-10/19)
	Varamedlemmer	(til orientering)
	Presse/publikum	

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	07.05.19	6/19
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 22.01.19

Vedlegg: Protokoll frå møtet 22.01.19

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 22.01.19 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møtet i Sveio kontrollutval 22.01.19 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 30.04.19



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

SVEIO KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag **22. januar 2019** blei det halde møte i Sveio kontrollutval under leiing av utvalsleiar Olav Haugen.

MØTESTAD:	Kommunestyresalen, Sveio rådhus
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 19.50
MØTANDE MEDLEMMER:	Olav Haugen (KrF), Hans Christian Andersen (Frp), Torill Hagland (H) og Heidi Selsås (A)
IKKJE MØTT:	Gustav Eidsvåg (Frp)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo, Deloitte AS i sak 3/19
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Ingen
ANDRE SOM MØTTE:	Dagleg leiar Irene Flatnes Haldin og styreleiar Bernhard Heggelund, Vestavind AS i sak 2/19
MERKNADER TIL INNKALLING	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 1/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 30.10.18

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i Sveio kontrollutval 30.10.18 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 22.01.19:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.01.19:

Protokoll frå møtet i Sveio kontrollutval 30.10.18 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 2/19 ORIENTERINGAR OM SELSKAP – VESTAVIND AS BYGDEBLAD

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval tek dagleg leiar si utgreiing om selskapet Vestavind AS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 22.01.19:

Irene Flatnes Haldin presenterte seg. Ho er dagleg leiar og redaktør for avisa Vestavind, der Sveio kommune eig 30 %. Det hadde ho vore dei siste sju åra. Avisen kom ut fyrste gang i 1986, og har som mål å spegle det som rører seg i kommunen. Avisen kjem ut kvar torsdag på papir og har ca. 1230 abonnentar. De er ei nynorskavis og sidetalet ligg på ca. 16 sider i snitt. Dei er tre tilsette i 100 %. Inntektene kjem frå annonsar, pressestøtte, abonnement og løssal. Etter nedgang dei siste åra og store utfordringar i 2017, fekk dei eit fint resultat i 2018 med kr 0,3 mill.kr i driftsoverskot.

I og med at dei er små, med eit avgrensa annonsemarknad, så var dei også sårbare for endringar, slik som statleg støtte og at nye generasjonar har nye lesevanar. Dei har i mange år hatt ønske om å kome på nett som eAvis med artiklar bak lukka løysing, men det er ei stor investering. Dette har vert utsett, men i år vil dei prøve å kome eit steg vidare, for ikkje å stagnere. Styreleiar Bernhard Heggelund opplyste at dei no var i dialog med hovudaksjonæren/e (Mediehuset Haugesunds Avis) og lokale verksemdar om draghjelp til kome i gang frå hausten med nettavis. Dei viste til at andre småaviser hadde hatt vekst etter slik utviding og dette må også Vestavind satse på.

Utvalseleiar takka for presentasjonen og ønskte dei lykke til vidare.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.01.19:

Sveio kontrollutval tek dagleg leiar og styreleiar si utgreiing om selskapet Vestavind AS til orientering.

SAK 3/19 PROSJEKTPLAN – FORVALTNINGSREVISJON – «BARNEVERN TENESTA»

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Barnevern tenesta i Sveio kommune» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS med den/desse endring/ane:

- rapporten oversendast sekretariatet i veke 37 (9- 13. september) 2019.
- Ramma vert sett til 275 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 22.01.19:

Forvaltningsrevisor Bjørkelø gjekk gjennom formål med prosjektet, framlegg til aktuelle problemstillingar. Desse er inndelt og omhandlar 1) mottak av meldingar («snarast og seinast ei veke»), 2) undersøkingar («innan 3 månader»), 3) system og rutinar («innan rimeleg tid»). Det kan gjelde hjelpetiltak i heimen eller oppfølging av barn i fosterheim. For det siste vert det skilt mellom a) oppfølging av barnet og b) oppfølging/tilsyn med fosterheimen/e.

Utvalet kom med spørsmål om metodebruk og tidsplan. Uttrekk var tilfeldig og revisor hadde erfart at kommunane kunne ha svært ulik praksis for organisering og korleis papira var systematisert i mappene.

Utvalet var samd i at det var viktig at tidplanen blei halden, då saka måtte til utvalet og kommunestyret sitt møte i september. Utvalsleiar gjorde framlegg om: «*seinast veke 37*». Revisor lova å vere i forkant med arbeidet og å varsle rådmannen om kommande høyring før sommaren.

Utvalet meinte dette var eit viktig og spennande prosjekt. Utvalet peika på at tenesta er ein lovpålagt oppgåve for kommunen. Dei tilsette har ein vanskeleg oppgåve, kor det er viktig å komme tidleg inn med ressursar og at det bra med eit interkommunalt samarbeid. Utvalet slutta seg til innstillinga med utvalsleiar si presisering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.01.19:

Sveio kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Barneverntenesta i Sveio kommune» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS med den endring:

- *rapporten vert oversendt sekretariatet seinast i veke 37 (9- 13. september) 2019.*

Ramma vert sett til 275 timar.

SAK 4/19 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING 2018

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Sveio godkjenner årsmelding for 2018 slik ho ligg føre (eller med endringer som kjem fram i møtet). Sveio kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2018 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 22.01.19:

Utvalet hadde ingen merknader til utkastet og meinte den gav rett bilete av aktiviteten i fjor.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.01.19:

Kontrollutvalet i Sveio godkjenner årsmelding for 2018 slik ho ligg føre.

og innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2018 til orientering.

SAK 5/19 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 22.01.19

1. Statusoversikt - januar 2019
2. Rådmannen si forklaring for utsett sak om oppfølging av rapport om internkontroll
3. Kommunestyrevedtak 22.11.18, sak 90 /18 – Forvaltningsrevisjonsrapport «Saksførebuing og vedtaksoppfølging»
4. Rekneskapstall 2018 – ansvar 1010 – kontroll og revisjon – funksjon 1100
5. Haugaland Brann og redning IKS – protokoll frå representantskapsmøte 28.11.18
6. Karmsund Havn IKS – protokoll frå eigarmøte 28.11.18
7. Haugaland Vekst IKS – protokoll frå representantskapsmøtet 21.12.18

8. Årsrapport og skatterekneskap 2018 - skatteoppkrevjaren i Sveio kommune
9. Sivilombudsmannen om lukking av møter i kontrollutval
10. Haustkonferansen 22.11.18 i Sandnes

Handsaming i kontrollutvalet 22.01.19:

Utvalsleiar meinte statusoversikten var veldig grei å halde seg til og viste utvalet sitt arbeid i perioden. Utvalet venta då oppfølgingsaka i mai. Rekneskapsrapport viste at ramma ikkje var overskriden. Sekretær gjorde greie for dei andre sakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.01.19:

Kontrollutvalet tar referatsakene 1- 10 til orientering.

YMSE

Ingen saker blei meldt.

Neste møte

Neste møte er sett til **7. mai** kl. 18.00. Handsaming av årsrekneskapen for 2018 vil vere hovudsaka, men rådmannen si tilbakemelding på oppfølging av rapporten «Internkontroll» skal også opp. I tillegg vil sekretariatet førebu ei sak om noverande revisjonsavtale (bruk av opsjon eller ny anbudsprosess).

Sveio/Aksdal, 22. januar 2019

Olav Haugen (sign.)
Kontrollutvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	07.05.19	7/19
Kommunestyret	17.06.19	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

**OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT –
«INTERNKONTROLL I SVEIO KOMMUNE»**

Vedlegg: Rådmannen si tilbakemelding, 03.04.19 på Deloitte rapport frå 2017

Saksorientering:

Sveio kommunestyre vedtok samrøystes i møtet 25.09.17, sak 73/17 følgjande:

- 1. Sveio kommunestyre tar den framlagte forvaltningsrevisjonsrapporten «Internkontroll i Sveio kommune» frå Deloitte til orientering.*
- 2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
- 3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 måneder etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

I rapporten blei det trukke konklusjonar av administrasjonen sitt arbeidet og revisjonen kom med tilrådingar. Deloitte peika mellom anna på at kommunen har teke i bruk eit felles elektronisk kvalitetssystem med funksjonalitet for dokumentstyring, varslingskanal og avvikssystem, og det var etablert etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde.

Undersøkinga viste at internkontrollen består av fleire element som heng saman med kommunen sine sentrale styringsverktøy, slik som overordna planverk, delegeringsreglement og anna regelverk, og kommunen sin rapporterings- og møtestruktur.

Samstundes viste undersøkinga at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad hadde samla elementa i eit felles overordna internkontrollsystem, og det var heller ikkje etablert felles retningslinjer som gav føringar for korleis internkontroll skulle utøvast i dei enkelte einingane. Internkontrollen framstod som fragmentert.

Revisjonen kom med følgjande hovedbodskap og tilrådingar til Sveio kommune:

- 1. Etablere felles retningslinjer som gjev føringar for korleis internkontroll skal utøvast i dei enkelte verksemdene og i kommunen som heilskap, og under dette:*

- a) *Etablere skriftlege retningslinjer som tydeliggjer ansvar for oppdatering av kommunen sine styrande dokument, rutinar og prosedyrar.*
- b) *Etablere rutinar for leiinga sin gjennomgang og oppfølging av kommunen sin internkontroll.*
- c) *Vurdere om det er hensiktsmessig å tydeleggjere rollar og for internkontroll gjennom å innføre leiaravtalar og rolle- eller funksjonsbeskrivingar, eller gjennom skriftleggjing av retningslinjer for delegering frå rådmann til leiarnivå under.*
2. *Etablere rutinar for å sikre at kommunen sine etiske retningslinjer blir gjort kjend for alle tilsette.*
3. *Vurdere å systematisere antikorrupsjonsarbeidet gjennom å etablere tiltak som bidreg til å setje fokus på verdiar, haldningar og kultur blant tilsette, som eit ledd i arbeidet med å utvikle eit godt kontrollmiljø*
4. *Vurdere korleis arbeidet med å fastsetje og operasjonalisere målbare, kvalitative mål for tenestene kan systematiserast som eit ledd i arbeidet med å utvikle eit godt kontrollmiljø.*
5. *Sørgje for at rapportering som eit ledd i arbeidet med å utvikle eit godt kontrollmiljø skjer i samsvar med kommunen sine rapporteringsrutinar, og at internkontroll og kontrollaktivitetar i større grad går inn som ein del av den ordinære rapporteringa til kommunen.*
6. *Etablere system å sikre at det blir gjennomført formaliserte og dokumenterte risikovurderingar i kommunen, og at desse blir følgt opp og brukt systematisk i kommunen sitt internkontroll- og forbetningsarbeid.*
7. *Sikra at det er etablert kontrollaktivitetar ved at arbeidet med å oppdatere og gjere alle retningslinjer og rutinar tilgjengeleg i Risk Manager blir fullført, og vurdere å klargjere ansvaret for oppdatering og revidering av retningslinjer og rutinar gjennom skriftlege rutinar.*
8. *Vurdere tiltak for å sikre at kommunen sitt system for å melde og følgje opp avvik blir nytta systematisk i heile organisasjonen, samt at kommunen sin varslingskanal er godt kjend blant alle tilsette.*

Rådmannen kom den gong med følgande kommentar til rapporten:

Takk for ein grei gjennomgang av vår internkontroll. Vi synes at rapporten i større grad og kunne tatt med det som fungerer. Ut over det vil vi takke for gjennomgangen av vårt internkontrollsystem. Dette arbeidet vil ligge til grunn for vårt vidare arbeid på området.

Saksframlegg

Rådmannen har nå i brev dagsett 03.04.19 gjeve tilbakemelding på status for oppfølging av rapport og korleis tilrådingane er følgt opp eller er tenkt følgt opp.

I brevet blir det punktvis forklara nærare om ny rutine knytte til felles retningslinjer for internkontroll, om dei nye etiske retningslinjene for folkevalde og tilsette, om antikorrupsjonsarbeid i kommunen, fastsetjing og operalisering av målbare, kvalitative mål. Vidare blir det for punktene 5 -8 tatt opp dette om rapportering, risikovurderingar, rutinar og retningslinjar er lagt tilgjengelege på intranettsystemet og om handtering av avvik.

Sekretariatet sine kommentarar

I følgje kontrollutvalsforskriften med merknader, ligg det til kontrollutvalget å sjå til at rådmannen følgjer opp forvaltningsrevisjonsrapportar. Dette skal sikre at kontroll og tilsyn får effekt og bidrar til forbetringar. Utvalet skal gje rapport til kommunestyret korleis merknadene er fulgt opp.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/svakheiter i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan rapportere om tidlegare saker til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Det har vore praksis for at administrasjonen møter i utvalet og orienterar om oppfølginga og/eller svarer på spørsmål, i tillegg til den skriftlege oversendinga.

Sekretariatet meiner rådmannen i denne saka har gjeve ei god tilbakemelding og tilrådingane er det tatt tak i gjennom nye rutinar, og forbetringstiltak er sett i verk.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Sveio kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av Deloitte sin rapport «Internkontroll i Sveio kommune» til orientering.

Aksdal, 26.04.19

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar/utvalssekretær



Rådmannen

Sveio kontrollutval
v/Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 03.04.19
Journalført: 19/114 /tha
Arkivkode: 216

Dykkar ref.: 18/111/216/tha

Vår ref.: 2019000066-8/2019004184

Dato: 03.04.2019

INTERNKONTROLL – OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJON

Sveio kommune viser til Sveio kontrollutval sitt vedtak av 24. januar 2017 i sak 2/17 om bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjektet «Internkontroll i Sveio kommune» frå Deloitte AS.

Forvaltningsrevisjonsrapporten «Internkontroll» blei levert i september 2017 og blei behandla i kontrollutvalet i møte 12. september 2017. Her blei det i sak 11/17 vedtatt følgande tilråding til Sveio kommunestyre:

1. Sveio kommunestyre tar den framlagte forvaltningsrevisjonsrapporten «Internkontroll i Sveio kommune» frå Deloitte til orientering.
2. Rapporten vert oversendt rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten ca. 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Sveio kommunestyre behandla rapporten i møte 25. september 2017, og gjorde i sak 73/17 samrøystes vedtak i tråd med tilrådinga frå kontrollutvalet (med ei mindre endring i pkt. 3):

1. Sveio kommunestyre tar den framlagte forvaltningsrevisjonsrapporten «Internkontroll i Sveio kommune» frå Deloitte til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Rapporten sine tilrådingar er at Sveio kommune:

1. Etablerer felles retningslinjer som gjev føringar for korleis internkontroll skal utøvast i dei enkelte verksemdene og i kommunen som heilskap, og under dette:
 - a. Etablerer skriftlege retningslinjer som tydeliggjer ansvar for oppdatering av kommunen sine styrande dokument, rutinar og prosedyrar.
 - b. Etablerer rutinar for leiinga sin gjennomgang og oppfølging av kommunen sin internkontroll.
 - c. Vurderer om det er hensiktsmessig å tydeleggjere rollar og for internkontroll gjennom å innføre leiaravtalar og rolle- eller funksjonsbeskrivingar, eller

gjennom skriftleggjing av retningslinjer for delegering frå rådmann til leiarnivå under.

- 2. Etablerer rutinar for å sikre at kommunen sine etiske retningslinjer blir gjort kjend for alle tilsette.*
- 3. Vurderer å systematisere antikorrupsjonsarbeidet gjennom å etablere tiltak som bidreg til å setje fokus på verdiar, haldningar og kultur blant tilsette, som eit ledd i arbeidet med å utvikle eit godt kontrollmiljø.*
- 4. Vurderer korleis arbeidet med å fastsetje og operasjonalisere målbare, kvalitative mål for tenestene kan systematiserast som eit ledd i arbeidet med å utvikle eit godt kontrollmiljø.*
- 5. Sørgjer for at rapportering som eit ledd i arbeidet med å utvikle eit godt kontrollmiljø skjer i samsvar med kommunen sine rapporteringsrutinar, og at internkontroll og kontrollaktivitetar i større grad går inn som ein del av den ordinære rapporteringa til kommunen.*
- 6. Etablerer system å sikre at det blir gjennomført formaliserte og dokumenterte risikovurderingar i kommunen, og at desse blir følgt opp og brukt systematisk i kommunen sitt internkontroll- og forbetningsarbeid.*
- 7. Sikrar at det er etablert kontrollaktivitetar ved at arbeidet med å oppdatere og gjere alle retningslinjer og rutinar tilgjengeleg i Risk Manager blir fullført, og vurdere å klargjere ansvaret for oppdatering og revidering av retningslinjer og rutinar gjennom skriftlege rutinar.*
- 8. Vurderer tiltak for å sikre at kommunen sitt system for å melde og følgje opp avvik blir nytta systematisk i heile organisasjonen, samt at kommunen sin varslingskanal er godt kjend blant alle tilsette.*

Kontrollutvalssekretariat har i brev av 25. mars 2019 minna om saka og bedt om å få skriftleg tilbakemelding om oppfølging av rapporten til behandling i Sveio kontrollutval sitt møte 7. mai 2019.

I det følgande vil kvar enkelt tilråding frå forvaltningsrevisjonsrapporten bli adressert. Med mindre det eksplisitt er nemnt, viser omtalen av «punkt» i det vidare tilbake på tilrådingspunktta over.

Oppfølging av tilrådingar frå forvaltningsrevisjonsrapporten

Punkt 1, bokstav a til c – Felles retningslinjer for internkontroll

Leiargruppa i Sveio kommune (som består av rådmann og kommunalsjefar) godkjente i møte 5. februar 2019 «Rutine for gjennomføring og implementering av overordna internkontroll i Sveio kommune» (sjå vedlagde dokument). Rutinen utgjer eit rammeverk for interkontrollarbeidet i kommunen som heilhet, samt at det blir gitt føringar som skal sikra einskapleg internkontrollrutinar i kvar enkelt eining/verksemd i kommunen. Ansvaret til den enkelte leiar blir klargjort, og det blir sett retningslinjer for leiinga si oppfølging på kvart leiarnivå. Sjå spesielt pkt. 4 i rutinen.

Rådmannen vurderer det slik at det ikkje er naudsynt med eigne leiaravtalar e.l. utover det som rutinen inneheld.

Punkt 2 – Etiske retningslinjer

Nye etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Sveio kommune blei vedtatt av kommunestyret i møte 18. februar 2019, i sak 4/19. Retningslinjene blei publisert i RiskManager Kvalitetssystem (Sveio kommune sitt intranettsystemet) 25. februar s.å., med ei eiga melding på framsida under «Aktuelt og nyhende». I forkant av vedtaket i kommunestyret blei det arbeida med dei etiske retningslinjene bl.a. i leiarforumet (som består av alle dei kommunale einingsleiarane).

Sveio kommune har òg ein tilsetjingsrutine, som er publisert på intranettet. Denne inneheld aksjonspunkt som skal gjerast før, under og etter tilsetjingsprosessen, samt ved ny arbeidstakar sin oppstart og ved endring og avslutting av tilsetjingsforhold. Rutinen vil bli oppdatert til å inkludera eit punkt om at ny arbeidstakar skal informerast om dei etiske retningslinjene.

Punkt 3 – Antikorrupsjonsarbeid

Fokuset på verdiar, haldningar og kultur blant tilsette som skal bidra i antikorrupsjonsarbeidet er ei leiaroppgåve, og noko rådmann, kommunalsjefane og einingsleiarane jamleg skal ta opp med sine tilsette i relevante forum (som einingsmøter, gruppesamlingar o.l.).

Dei ulike kommunale einingane arbeider med vidt forskjellige oppgåver og fagfelt, slik at ulike moment vil vera relevante for den enkelte eining. Medan overordna forvaltningsprinsipp som bl.a. saklegheit og likebehandling ligg til grunn for alt arbeid i kommunen, vil tilsette i f.eks. helsesektoren møta på andre, konkrete utfordringar enn tilsette i f.eks. eining for plan og næring. Rådmannen vurderer det derfor slik at det nettopp er den enkelte leiar som har dei beste føresetnadar for å vurdere kva som må fokuserast på i antikorrupsjonsarbeidet.

Det er òg fokus på antikorrupsjonsarbeid i leiarforum, som møtast seks gonger i året. Her blir det bl.a. lagt meir overordna linjer for haldningsarbeidet.

Sjå òg pkt. 4 i rutine for gjennomføring og implementering av overordna internkontroll i Sveio kommune.

Punkt 4 – Fastsetjing og operasjonalisering av målbare, kvalitative mål

Administrasjonen i Sveio kommune arbeider kontinuerlig med forbetring av dei kommunale tenestene, og arbeidet har no blitt meir systematisert gjennom bruk av LEAN-metodikk som dei tilsette har blitt kursa i.

Rådmannen gjer merksam på at det varierer kor føremålstenleg eller praktisk mogleg det er å uforma målbare, kvalitative mål for alle prosessane i dei ulike fagfelta som kommunen har ansvar for. Ein må i den samanheng nøye vurdere i kor stor grad målbare mål kan dreia aktivitet bort frå anna (meir) ønska aktivitet, aktivitet som kan vera vanskeleg eller kostnadskrevjande å måla. Samtidig er det viktig med konkrete og klare mål, og eitt av fleire verkemiddel her vil vera den nye rutinen for saksbehandling av politiske saker (sjå eige brev¹ om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om saksførebuing og vedtaksoppfølging).

¹ Vår ref.: 2019000066-9/2019004196

Punkt 5 – Rapportering

Etter pkt. 6 i ny rutine for gjennomføring og implementering av overordna internkontroll skal einingsleiarar årleg rapportera til kommunalsjefane om arbeidet med internkontroll etter krava i rutinen.

Punkt 6 – Risikovurderingar

Etter pkt. 5 i ny rutine for gjennomføring og implementering av overordna internkontroll skal bl.a. farar og problem på helse-, miljø- og sikkerheitsområdet kartleggast. På denne bakgrunn skal risiko vurderast og det skal utarbeidast tilhøyrande planar og tiltak for å redusera risikotilhøva. Tids- og personalmessige ressursar som går til arbeidet med risikovurderingar, samt innhaldet i vurderingane, må avpassast etter forholda.

Punkt 7 – Rutinar og retningslinjer tilgjengelege på intranettsystemet

Føremålet med Risk Manager Kvalitetssystem (intranettsystemet) er at relevant informasjon for tilsette i kommunen skal publiserast her. Dette inneber òg alle rutinar og retningslinjer. Det ville vera den enkelte einingsleiar sitt ansvar å sørge for at rutinar og retningslinjer for deira eining blir publisert, og einingsleiar må òg utpeika ansvarleg saksbehandlar for kvar enkelt rutine/retningslinjer.

Administrasjonen arbeider for tida med å ta i bruk ein eksisterande funksjon i intranett-systemet, kor ansvarleg saksbehandlar kan setta ein årleg dato for når den enkelte rutine skal reviderast, og deretter få ei automatisk melding pr. e-post på den aktuelle datoen. Slik vil ein sikra ein god rutine for revisjon og få god fokus på dette.

Punkt 8 – Handtering av avvik

Leiargruppa godkjente i møte 5. februar 2019 «Rutine for behandling av avvik» (sjå vedlagde dokument). Rutinen utgjer eit rammeverk for melding og oppfølging av avvik i kommunen som heilhet, samt at det blir gitt føringar som skal sikra einskaplege avviksrutinar i kvar enkelt eining/verksemd i kommunen.

Rådmannen sender med dette si tilbakemelding til forvaltningsrevisjonsrapporten om internkontroll til Sveio kontrollutval for vidare behandling. Gjennom oppfølginga av rapporten har fokuset på internkontroll i Sveio kommune blitt ytterlegare styrka, og administrasjonen er førebudd på å føra dette fokuset vidare i framtida.

Med helsing

Jostein Førre
rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

VEDLEGG:

- Rutine – Gjennomføring og implementering av overordna internkontroll
- Rutine – Behandling av avvik



Dokumenttype:	Vert revidert av:	Godkjent av:	Dokumentansvarleg eining:
Rutine	Ingunn Toft	Rådmannen	Leiargruppa
Dokumentnummer:	Versjon:	Godkjent dato:	Prosesseigar:
	1.0	05.02.2019	Ingunn Toft

Rutine for gjennomføring og implementering av overordna internkontroll i Sveio kommune

Innhald

1. Endringsbeskriving	1
2. Føremål og omfang	1
3. Målgruppe	1
4. Ansvar og oppfølging	2
5. Gjennomføring/aktivitet.....	2
6. Rapportering	3
7. Avvik	3
8. Referansar	3

1. Endringsbeskriving

- Versjon 1.0 godkjent i leiargruppa 5. februar 2019.

2. Føremål og omfang

Føremålet til internkontrollforskrifta kjem fram i § 1:

Gjennom krav om systematisk gjennomføring av tiltak, skal denne forskrift fremme et forbedringsarbeid i virksomhetene innen:

- arbeidsmiljø og sikkerhet
- forebygging av helseskade eller miljøforstyrrelser fra produkter eller forbrukertjenester
- vern av det ytre miljø mot forurensning og en bedre behandling av avfall
- forebygging av uhell og ulykker forbundet med egen lovlig aktivitet
- forebygging av uønskede tilsiktede hendelser

slik at målene i helse-, miljø- og sikkerhetslovgivningen oppnås.

Denne rutinen gjeld overordna internkontroll i Sveio kommune, medan kvar eining skal ha egne rutinar for gjennomføring og implementering av internkontroll.

3. Målgruppe

Målgruppa for overordna rutine for internkontroll er rådmannen si leiargruppe og einingsleiarane.

4. Ansvar og oppfølging

Einingsleiarane har ansvar for systematisk gjennomføring og implementering av internkontroll i sine einingar. Kommunalsjefane har ansvar for å sikra at einingsleiarane har tilfredstillande rutinar for internkontroll i sine einingar.

Einingsleiarane skal årleg gjennomgå rutinar for gjennomføring og implementering av internkontroll, og sikra at dei tilsette er kjent med rutinane.

Kommunalsjefane skal i årleg leiarsamtale etterspørje korleis einingsleiarane følgjer opp og sikrar gjennomføring og implementering av internkontroll i sine einingar.

Rådmannen følgjer opp årleg i leiarmøte at kommunalsjefane har sikra gjennomføring og implementering av internkontroll i sine sektorar.

5. Gjennomføring/aktivitet

INTERNKONTROLL INNEBER AT VERKSEMDA SKAL:	DOKUMENTASJON
· sørge for at dei lovar og forskrifter i helse-, miljø- og sikkerhetslovgivinga som gjeld for verksemda er tilgjengelige, og ha oversyn over dei krav som er særleg viktige for verksemda,	–
· sørge for at arbeidstakarane har tilstrekkelege kunnskapar og ferdigheiter i det systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet, inkludert informasjon om endringar,	–
· sørge for at arbeidstakarane medverkar slik at samla kunnskap og erfaring blir bruk,	–
· fastsetta mål for helse, miljø og sikkerheit,	Må dokumenterast skriftleg.
· ha oversikt over verksemda sin organisasjon, inkludert korleis ansvar, oppgåver og mynde for arbeidet med helse, miljø og sikkerheit er fordelt,	Må dokumenterast skriftleg.
· kartlegga farar og problem, og på denne bakgrunn vurderer risiko, samt utarbeida tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikotilhøva,	Må dokumenterast skriftleg.
· setta i verk rutinar for å avdekka, retta opp og førebygga brøt på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgivinga,	Må dokumenterast skriftleg.
· gjennomføra systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen for å sikra at kontrollen fungerer som føreset.	Må dokumenterast skriftleg.

Einingsleiarane skal årleg gjennomføra punkta over i sine einingar. Dette skal gjerast i samarbeid med dei tilsette og tillitsvalte/verneombod. Dei tiltaka som det av lista kjem fram at skal dokumenterast, skal skriftleggjerast og sendast til Servicekontoret for å arkiverast i WebSak.

6. Rapportering

Einingsleiarane rapporterer årleg til kommunalsjefane.

7. Avvik

Avvik skal meldast i Risk Manager.

8. Referansar

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemdar av 6. desember 1996 nr. 1127 (internkontrollforskrifta)



Dokumenttype:	Vert revidert av:	Godkjent av:	Dokumentansvarleg eining:
Rutine	Kenneth Tollefsen	Jostein Førre	Lønn og personal
Dokumentnummer:	Versjon:	Godkjent dato:	Prosesseigar:
RMKS-XX-XXXX	1.0	05.02.2019	Rådmannen

Rutine for behandling av avvik i Sveio kommune

Innhald

1. Endringsbeskriving	1
2. Føremål og omfang	1
3. Målgruppe	1
4. Ansvar og oppfølging	1
5. Rapportering	3
6. Avvik	3
7. Referansar	3

1. Endringsbeskriving

- Versjon 1.0 godkjent 05. februar 2019.

2. Føremål og omfang

Avvik blir definert som mangel på oppfylling av krav til tenesteproduksjonen slik det er skildra i kommunen sine mål, i lovar og forskrifter, samt i egne rutinar/prosedyrar i tenestene.

Avvik kan òg vera ei uønskt hending, personskade eller truslar/overgrep.

Føremål:

- Å identifisera avvik, eller risiko for avvik, i tenesteproduksjonen for å sikra kvaliteten på kommunale tenester og for å setta i verk naudsynte forbetringstiltak på eit så tidleg tidspunkt som mogleg.
- Å sikra at brot på lovar, forskrifter og verksemdar sine egne rutinar og prosedyrar ikkje gjentar seg.
- Å betra arbeidsmiljøet og redusera risiko for helseskader hos kommunen sine medarbeidarar og brukarar.
- Å sikra at forslag til tiltak som kan forbetra arbeidsmiljøet og auka kvaliteten på kommunen sine tenester blir handtert på ein systematisk og god måte.

3. Målgruppe

Gjeld alle tilsette.

4. Ansvar og oppfølging

Sveio kommune har eit overordna ansvar for å innføra og utøva internkontroll i samsvar med regelverk, og gjennom dette ha eit heilskapleg avvikssystem bygd opp etter korleis kommunen er organisert.

I kvar eining er det einingsleiar som har ansvar for at eininga nyttar avvikssystemet og har gode rutinar for å melda avvik og handsame desse. Einingssleiar må sjå til at avvikssystemet og varsling er godt kjent blant dei tilsette til ei kvar tid.

Einingsleiar har vidare ansvar for å ha eit system som sikrar at ein bruker avviksmeldingane til å førebygga avvik og feil, og bidra til forbetring.

Alle medarbeidarar i Sveio kommune har ansvar for å melda avvik og bidra til forbetringar. Munnleg melding til andre tilsette eller leiar er ikkje tilstrekkeleg. Melding skal registrerast i avvikssystem.

Verneombod har ansvar for å støtta medarbeidarane og leiarane, og til å bidra til førebyggjande arbeid.

Gjennomføring/aktivitet

Når avvik blir oppdaga, må den som oppdagar avviket sjølv vurdere korleis avviket skal handsamast der og då. Dette på bakgrunn av at avvik kan krevja både strakstiltak og korrigerande tiltak. Er ein usikker på korleis avviket skal handsamast / kva tiltak ein skal setta i verk, må ein søka råd hos andre tilsette eller leiar. Når ein har utført strakstiltak, er det viktig at ein skriv avviksmelding så raskt som mogleg etterpå.

Den som oppdagar avvik:

- Avviket skal registrerast i avvikssystemet. Avviket skal skildrast detaljert nok, og det er viktig å få med korrekt dato og klokkeslett.
- Strakstiltak når avviket blei oppdaga skal skildrast nøye.

Vidare handsaming av avviket (leiar):

- Leiar undersøker at skjemaet er korrekt utfyllt av den tilsette.
- Innan kort tid etter mottak godkjenner leiar avviket for handsaming, eventuelt sender avviket tilbake til meldar eller overfører til anna eining/område.
- Behandlar varslar vidare om avviket er av så alvorleg at overordna leiing bør informerast. Døme kan være hendingar som har medført alvorlig skade på pasient / elev / eigne tilsette, eller som har stor negativ verknad på omdømmet.
- Etter eit avvik er godkjent går leiar igjennom avviket og undersøklar om det er korrekt utfyllt. Vidare vurderer leiar konsekvens (alvorsgrad), årsak og registrerar naudsynte tiltak.
- Oppfølging av avviket og tiltak. Når alle tiltak er lukka kan behandlar lukke avviket med ein avsluttande vurdering. Melding til meldar blir gjeve automatisk på e-post av systemet.
- Leiar skal melde vidare til andre instansar kor dette er naudsynt. Dette kan til dømes være til Arbeidstilsynet, politi, NAV og Datatilsynet.
- Alle einingar tar avvikshandsaming opp jamleg i HMS-gruppe.
- Avvikshandtering og oppfølging av avvik skal være tema på personalmøter i einingane.

5. Rapportering

Einingsleiar må rapportere vidare til sin leiar så raskt som mogleg om det alvorlege avvik som overordna leiing må være kjent med.

Einingsleiar gjennomgår årleg, før årsmelding og innan utgangen av januar, avvikshandtering i HMS-gruppe med verneombod og tillitsvald. Rapport sendast til overordna leiar i etterkant.

Følgande punkt er utgangspunkt for gjennomgang:

- Tal på avvik og korleis desse fordelar seg på einingar.
- Er alle avvika følgt opp og førte det til forandringar på arbeidsplassen?
- Er det noko som bør endrast eller kan forbedrast?
- Er alle tilsette kjent med rutinen?
- Er det naudsynt med opplæring?

Leiargruppa går kva månad gjennom rapportar tatt ut av avvikssystemet. I tillegg er det ein årleg gjennomgang etter leiar har rapportert.

6. Avvik

Avvik frå rutinen registrerast og handsamast i avvikssystemet.

7. Referansar

Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. september 1992 nr. 107 (kommuneloven) § 23
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-09-25-107>

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemder av 6. desember 1996 nr. 1127 (internkontrollforskrifta) § 5, første avsnitt, punkt 7
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1996-12-06-1127>

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	07.05.19	8/19
Kommunestyret	17.06.19	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «SAKSFØREBUING OG VEDTAKSOPPFØLGING»

Vedlegg:

1. Rådmannen si tilbakemelding, 03.04.19 på Deloitte rapport frå 2017
2. Rutine – saksbehandling av politiske saker

Saksorientering:

Sveio kommunestyre vedtok samrøystes i møtet 12.11.18, sak 90/18 følgjande:

1. *Sveio kommunestyre tar den framlagte forvaltningsrevisjonsrapporten «Saksførebuing og vedtaksoppfølging i Sveio kommune» frå Deloitte til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 5 tilrådingar.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*
4. *Saman med tilbakemelding til kommunestyret skal rådmanenn leggja fram ei vurdering av korleis dei viktigste sakene på restanselista blir prioritert med omsyn til framdrift og gjennomføring.*

Føremålet med forvaltningsrevisjonen var å vurdere om det var etablert system og rutinar som sikrar at politiske vedtak blir saksutgreia, registrert og sett i verk, samt undersøke om kommunen har etablert tilstrekkeleg system og rutinar for rapportering knytt til vedtaksoppfølging.

Revisjonen kom med følgjande tilrådingar til Sveio kommune:

1. *Gjennomgå mal for politiske saker og vurdere å inkludere ytterlegare relevante punkt, til dømes knytt til frist eller framdriftsplan.*
2. *Etablere skriftlege sakshandsamingsrutinar som synleggjer ansvar, fristar knytt til sakshandsaming og rettleiing knytt til malen for politiske saker.*

3. *Vidareutvikle restanselista for politiske saker slik at denne sikrar oversikt over kva konkrete vedtak som er følgt opp og om fristar er haldne.*
4. *Vurdere korleis restanselista for politiske saker kan gjerast lettare tilgjengeleg for politikarar og publikum.*
5. *Vurdere å etablere rutinar for*
 - i) *Kva som er eit avvik når det gjeld oppfølging av politiske vedtak, korleis avvik skal følgjast opp og kven som har kva ansvar på ulikt nivå i organisasjonen.*
 - ii) *Når det skal meldast frå til politisk nivå om uventa hendingar som påverkar vedtaksoppfølging eller iverksetting av vedtak.*
 - iii) *Kva opplysningar politikarane skal ha om status i saker, kva tid og i kva forum.*

Rådmannen har nå i brev dagsett 03.04.19 gjeve tilbakemelding på status for oppfølging av rapport og korleis tilrådingane er følgt opp eller er tenkt følgt opp.

Sak ble sett opp sakslista til formannskapet sitt møte 25.03.19, sak 20/19, men blei trekt av rådmannen då denne type saker skal til kontrollutvalet og deira innstilling går så direkte til kommunestyret.

Oppfølginga er delt opp etter dei fem punkta i tilrådingane:

1. Nye punkt i mal for politiske saker
2. Skriftlege saksbehandlingsrutine
3. Vidareutvikling av restanselista
4. Publisering av restanselista
5. Avvik og status

Om kommunestyret sitt vedtak punkt 4 om restanser skriv rådmannen følgjande:

Når det gjeld punkt 4 i kommunestyret sitt vedtak av 12. november 2018 i sak 90/18 er situasjonen slik at administrasjonen prioriterer dei øvste sakene på restanselista, og at ressursbruken blir vurdert etter kva kapasitet og kompetanse som er til disposisjon til ei kvar tid. Andre prosjekt blir følgeleg prioritert lågare.

Likevel vil det være slik at prosjekt som må prioriterast lågare uansett er til oppfølging, sjølv om ein saksbehandlar med den meist spissa og passande kompetansen i hovudsak må brukast til oppfølging av andre saker. Bruk av andre saksbehandlarar – sjølv om dei kanskje har nokon anna kompetanse – kan medføra at saka kan ha like stor aktivitet som prosjektsom er høgare prioritert. Det er òg slik at ulike prosjekt krev oppfølging på ulike tidspunkt, og dette blir meir styrt av prosjektet sin indre dynamikk enn av prioritering i seg sjølv.

Eit eksempel kan vera eit byggeprosjekt. Når prosjektet fysisk blir realisert må ein bruka ingeniør-/prosjektkapasitet på oppfølging, sjølv om ein kunne tenkt seg å prioritera andre prosjekt føre det aktuelle på dette tidspunktet. Dette fordi dei økonomiske og praktiske konsekvensane ved å ikkje følge opp prosjekt under bygging vil kunne vera svært uheldige.

Har politikarar spørsmål til saker på restanselista utover informasjonen som er tilgjengeleg på sjølve lista, blir politikarane oppmoda om å senda inn spørsmål til rådmannen i forkant av neste aktuelle politiske møte.

Sekretariatet sine kommentarar

I følge kontrollutvalgsforskriften med merknader, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at rådmannen følgjer opp forvaltningsrevisjonsrapportar. Dette skal sikre at kontroll og tilsyn får effekt og bidrar til forbetringar. Utvalet skal gje rapport til kommunestyret korleis merknadene er fulgt opp.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/svakheiter i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan rapportere om tidlegare saker til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er følgd opp på ein tilfredsstillande måte.

Det har vore praksis for at administrasjonen møter i utvalet og orienterar om oppfølginga og/eller svarer på spørsmål, i tillegg til den skriftlege oversendinga.

Sekretariatet meiner rådmannen i denne saka har gjeve ei god tilbakemelding og tilrådingane er følgt opp gjennom nye rutinar, og forbetringstiltak er sett i verk.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Sveio kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om arbeidet med oppfølging av Deloitte sin rapport «Saksførebuing og vedtaksoppfølging», saman med ny rutine for sakshandsaming av politiske saker til orientering.

Aksdal, 30.04.19

Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær



Rådmannen

Sveio kontrollutval
v/Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 03.04.19
Journalført: 19/15 /tha
Arkivkode: 216

Dykkar ref.: 18/111/216/tha

Vår ref.: 2019000066-9/2019004196

Dato: 03.04.2019

SAKSFØREBUING OG VEDTAKSOPPFØLGING – OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJON

Sveio kommune viser til Sveio kontrollutval sitt vedtak av 30. januar 2018 i sak 2/18 om å bestilla forvaltningsrevisjonsprosjektet «Saksførebuing og vedtaksoppfølging i Sveio kommune» frå Deloitte AS.

Forvaltningsrevisjonsrapporten «Forvaltningsrevisjon av saksførebuing og vedtaksoppfølging» blei levert i oktober 2018 og blei behandla i kontrollutvalet i møte 30. oktober 2018. Her blei det i sak 24/18 vedtatt følgande tilråding til Sveio kommunestyre:

1. *Sveio kommunestyre tar den framlagte forvaltningsrevisjonsrapporten «Saksførebuing og vedtaksoppfølging i Sveio kommune» frå Deloitte til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 5 tilrådingar.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

Sveio kommunestyre behandla rapporten i møte 12. november 2018, og gjorde i sak 90/18 samrøystes vedtak i tråd med tilrådinga frå kontrollutvalet, med eit nytt fjerde punkt:

1. *Sveio kommunestyre tar den framlagte forvaltningsrevisjonsrapporten «Saksførebuing og vedtaksoppfølging i Sveio kommune» frå Deloitte til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 5 tilrådingar.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*
4. *Saman med tilbakemeldinga til kommunestyret skal rådmannen leggja fram ei vurdering av korleis dei viktigaste sakene på restanselista blir prioriterte med omsyn til framdrift og gjennomføring.*

Rapporten tilrår at Sveio kommune gjer som følger:

1. *Gjennomgår mal for politiske saker og vurderer å inkludere ytterlegare relevante punkt, til dømes knytt til frist eller framdriftsplan.*
2. *Etablerer skriftlege sakshandsaminsrutinar som synleggjer ansvar, fristar knytt til sakshandsaming og rettleiing knytt til malen for politiske saker.*

3. Vidareutviklar restanselista for politiske saker slik at denne sikrar oversikt over kva konkrete vedtak som er følgt opp og om fristar er haldne.
4. Vurderer korleis restanselista for politiske saker kan gjerast lettare tilgjengeleg for politikarar og publikum.
5. Vurderer å etablere rutinar for:
 - a. Kva som er eit avvik når det gjeld oppfølging av politiske vedtak, korleis avvik skal følgjast opp og kven som har kva ansvar på ulikt nivå i organisasjonen.
 - b. Når det skal meldast frå til politisk nivå om uventa hendingar som påverkar vedtaksoppfølging eller iverksetting av vedtak.
 - c. Kva opplysningar politikarane skal ha om status i saker, kva tid og i kva forum.

I det følgjande vil kvar enkelt tilråding frå forvaltningsrevisjonsrapporten bli adressert. Med mindre det eksplisitt er nemnt, viser omtalen av «punkt» i det vidare tilbake på tilrådingspunktene over.

Oppfølging av tilrådingar frå forvaltningsrevisjonsrapporten

Punkt 1 – Nye punkt i mal for politiske saker

Eit nytt punkt kalla «Framdriftsplan» vil bli implementert i Sveio kommune sin mal for sakspapir frå og med neste møteserie (kommunestyremøtet 8. april 2019 avsluttar inneverande møteserie). Det vil ikkje bli inkludert eit eige punkt om fristar, men det er fokusert på dette i ny rutine for saksbehandling av politiske saker, jf. behandling av forvaltningsrevisjonsrapporten si tilråding nr. 2, under.

Punkt 2 – Skriftleg saksbehandlingsrutine

Leiargruppa i Sveio kommune (som består av rådmann og kommunalsjefar) godkjente i møte 5. februar 2019 «Rutine for saksbehandling av politiske saker i Sveio kommune» (sjå vedlagde dokument). Rutinen utgjer eit rammeverk for saksbehandling av politiske saker i kommunen, og det blir gitt konkret rettleiing til malen for sakspapir til politiske saker og bruken av kommunen sitt elektroniske saksbehandlingssystem. Fokuset på framdriftsplan og fristar er framheva i rutinen. Sjå bl.a. rutinen sine pkt. 2, 4.i, 6.a og 7.a under overskrifta «Gjennomføring/aktivitet».

Punkt 3 – Vidareutvikling av restanselista

Det er gjort visse endringar i restanselista, slik at denne no betre sikrar oversikt over kva som prioriterast. I den vidare utviklinga av restanselista vil ein til ei kvar tid måtte gjera ei avveging når det kjem til tidsbruk mellom rapportering og sjølv gjennomføringa av prosjekt.

Punkt 4 – Publisering av restanselista

Restanselista blir meldt opp til alle ordinære møte i formannskapet som referat-/orienterings-sak. Ho blir då publisert via innsynsmodulen på Sveio kommune sine nettsider, både i møteplanen og i postlista. Skulle nokon ha problem med å finna restanselista på nett, kan ein retta ein førespurnad til Servicekontoret eller politisk sekretær for å få rettleiing. Rådmannen vurderer at dette gjer restanselista tilstrekkeleg tilgjengeleg for politikarar og publikum.

Punkt 5, bokstav a til c – Avvik og status

Behandling av avvik er adressert i pkt. 6 i den nye saksbehandlingsrutinen. Viser òg til ny rutine for behandling av avvik, jf. eige brev¹ om oppfølging av forvaltningsrevisjon om internkontroll.

Rådmannen vurderer kontinuerleg behovet for å orientera politisk nivå om framdrift på oppfølging av politiske vedtak, inkludert om eventuelle avvik frå framdriftsplan. Restanselista er det viktigaste verktøyet her.

Når det gjeld punkt 4 i kommunestyret sitt vedtak av 12. november 2018 i sak 90/18 er situasjonen slik at administrasjonen prioriterer dei øvste sakene på restanselista, og at ressursbruken blir vurdert etter kva kapasitet og kompetanse som er til disposisjon til ei kvar tid. Andre prosjekt blir følgeleg prioritert lågare.

Likevel vil det være slik at prosjekt som må prioriterast lågare uansett er til oppfølging, sjølv om ein saksbehandlar med den meist spissa og passande kompetansen i hovudsak må brukast til oppfølging av andre saker. Bruk av andre saksbehandlarar – sjølv om dei kanskje har nokon anna kompetanse – kan medføra at saka kan ha like stor aktivitet som prosjekt som er høgare prioritert. Det er òg slik at ulike prosjekt krev oppfølging på ulike tidspunkt, og dette blir meir styrt av prosjektet sin indre dynamikk enn av prioritering i seg sjølv. Eit eksempel kan vera eit byggeprosjekt. Når prosjektet fysisk blir realisert må ein bruka ingeniør-/prosjektkapasitet på oppfølging, sjølv om ein kunne tenkt seg å prioritera andre prosjekt føre det aktuelle på dette tidspunktet. Dette fordi dei økonomiske og praktiske konsekvensane ved å ikkje følga opp prosjekt under bygging vil kunne vera svært uheldige.

Har politikarar spørsmål til saker på restanselista utover informasjonen som er tilgjengeleg på sjølve lista, blir politikarane oppmoda om å senda inn spørsmål til rådmannen i forkant av neste aktuelle politiske møte.

Rådmannen sender med dette si tilbakemelding til forvaltningsrevisjonsrapporten om saksførebuing og vedtaksoppfølging til Sveio kontrollutval for vidare behandling. Gjennom oppfølginga av rapporten har fokuset på desse viktige prosessane blitt ytterlegare styrka, og administrasjonen er førebudd på å føra dette fokuset vidare i framtida.

Med helsing

Jostein Førre
rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift

VEDLEGG:

- Rutine – Saksbehandling av politiske saker

¹ Vår ref.: 2019000066-8/2019004184



Dokumenttype:	Reviderast av:	Godkjent av:	Dokumentansvarleg eining:
Rutine	Storli, Bjarte Stølås	Jostein Førre	Leiargruppa
Dokumentnummer:	Versjon:	Godkjent dato:	Prosesseigar:
RMKS-XX-XXXX	1.0	05.02.2019	Rådmannen

Rutine for saksbehandling av politiske saker i Sveio kommune

Innhald

1. Endringsbeskriving	1
2. Føremål og omfang	1
3. Målgruppe	2
4. Ansvar og oppfølging	2
5. Gjennomføring/aktivitet.....	2
6. Avvik	6
7. Referansar	6

1. Endringsbeskriving

- Versjon 1.0 godkjent i leiargruppa 5. februar 2019, med føresetnad om at tidsfristar for levering av sakspapir til kommunalsjef og rådmann blir inkludert. Dette er gjort, jf. pkt. 6.a og 7.a. Sjå òg eige pkt. 10 om B-saker.

2. Føremål og omfang

Føremålet med denne rutinen er å klarlegga ansvarsområde knytt til behandling saker som skal opp til politisk behandling, samt tidsfristar for dei ulike stega i saksbehandlinga. Vidare skal rutinen gi ei rettleiing for den etablerte malen som brukast for utgreiing av politiske saker. Samla sett skal rutinen medføra at saker blir så godt opplyste som mogleg og blir presentert politikarane på ein klar og forståeleg måte. Rutinen gjeld i hovudsak *førebuing* av politiske saker, men gir òg nokre føringar for oppfølging av politiske vedtak.

Med politiske saker meiner ein i denne rutinen saker som kor det skal gjerast tilråding og/eller vedtak i eitt eller fleire politisk utval:

- Kommunestyret
- Formannskapet
- Hovudutval Teknisk/Næring
- Hovudutval Oppvekst/Kultur
- Hovudutval Helse/Omsorg
- Råd for funksjonshemma
- Eldrerådet

Øg andre saker blir melde opp til behandling i desse utvala, i hovudsak referatsaker og fullmaktssaker. Denne rutinen gjeld i utgangspunktet ikkje for slike saker, med nokon unntak. Mellom anna vil tidsfristane som følger av denne rutinen gjelde òg for slike saker, og andre punkt er relevante så langt dei passar.

3. Målgruppe

Denne rutinen gjeld for alle som er involverte i førebuinga av saker til politisk behandling: saksbehandlarar, einingsleiarar, kommunalsjefar og rådmann.

4. Ansvar og oppfølging

Denne rutinen er i hovudsak retta mot saksbehandlar(ar) i den relevante eining som av sin nærmaste leiar blir instruert til å førebu ei sak for politisk behandling. For dei punkt i rutinen kor andre er ansvarlege (einingsleiar, kommunalsjef, rådmann) kjem dette fram av rutinen, jf. pkt. 5.

5. Gjennomføring/aktivitet

Saker til politisk behandling vil kunne oppstå som følge av tidlegare politiske vedtak, pålegg frå eksterne myndigheiter (som fylkesmannen, direktorat eller departement), krav som følger av lov eller forskrift, initiativ frå leiinga i kommuneadministrasjonen eller saksbehandlarar eller som følge av kommunal behandling av innbyggjarane sine rettar og plikter.

Førebuing av saker til politisk behandling skal resultera i eit *sakspapir* som blir meldt opp til behandling i eitt eller fleire politiske utval. Sakspapiret skal konkludera med eit forslag til vedtak frå rådmannen.

Etter at det er avgjort at ein sak skal opp til politisk behandling er prosessen er som følger:

#	Handling	Ansvar
1.	Oppretta sak Dersom det ikkje allereie finst ei sak i WebSak må det opprettast ei sak. Vel «Ny sak» og «Ny tom sak». Gi saka ein kortfatta og beskrivande tittel. Ved å dobbeltklikka på «Tilgang» til venstre under «Diverse» kan ein gradere saka dersom dette skulle vera nødvendig, samt gi andre saksbehandlarar tilgang til saka.	Saksbehandlar
2.	Framdriftsplan for sakspapir Avklar ein framdriftsplan med nærmaste leiar. Sjå til møteplan for politiske møte og vurder kva møteserie saka skal vera ferdig til. Frist for å senda ei sak til godkjenning til rådmann er måndag kl. 12.00 to veker før møtet i det aktuelle utval saka først skal behandlast i. Framdriftsplanen bør innehalda tidspunkt for når utkast til sakspapir skal sendast nærmaste leiar, når eventuelle endringar foreslått av nærmaste leiar skal vera implementert, når ein skal halda eventuelle møte (interne og eksterne) og altså ein dato for levering til rådmann som er i tråd med den politiske møteplanen.	Saksbehandlar og nærmaste leiar
3.	Innhenta informasjon Samle inn all nødvendig informasjon som trengst til å opplyse saka, ved å henta inn opplysningar frå andre myndigheiter, frå innbyggjarar, interne dokument etc. Dersom nødvendig kan informasjon og vurderingar samanfattast i interne notat. Alt av dokumentasjon og korrespondanse skal leggst inn i WebSak. Vel «Ny jpost» (jpost) = journalpost) og type dokument, f.eks. «Nytt inngående dokument» eller «Nytt internt notat».	Saksbehandlar
4.	Sakspapir Når forarbeidet er ferdigstilt skal det opprettast sakspapir. Vel «Ny jpost» og «Nytt saksframlegg». Gi sakspapiret ein kortfatta og beskrivande tittel. Vel «Lag» og deretter relevant mal og «Fortsett». Som regel vil relevant mal vera «Sakspapir frå saksbehandlar-NYTT».	Saksbehandlar

	Fyll deretter ut sakspapiret under kvart enkelt punkt (sjå nærmare beskriving under, pkt. 4.a til 4.j). Som hovudregel skal alle punkta fyllast ut, men dersom noko ikkje er relevant kan ein markere dette med «Ikkje relevant», og dersom mogleg ei forklarande setning for kvifor ein vurderer det slik. Ein bør unngå «Ikkje vurdert», då saker skal vera så godt opplyste som mogleg. Unngå skrive- og språkfeil. Hugs å lagra undervegs. Når sakspapiret er ferdig, lagre og vel «Sjekk inn og avslutt». Vedlegg kan leggest til ved å velja «Dok: X» til høgre under «Tekstdok.». Deretter kan ein enten henta dokument som allereie finst i WebSak eller importera nye dokument.	
4.a	Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m. Lag ei punktliste over lover, forskrifter, avtalar og anna som ligg til grunn for vurderingane i saksframlegget. Ein bør skriva namn og referansar fullt ut, f.eks. «Lov om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd av 19. mai 2006 nr. 16 (offentleglova)». Deretter viser ein berre til kortnamnet i sjølve teksten, saman med dei enkelte paragrafar. Dersom ein viser til avtalar eller andre dokument som ligg i WebSak, bør ein visa til journalpost-ID (f.eks. 18/16836), slik at det blir enklare for andre å finna fram til.	Saksbehandlar
4.b	Saksorientering Gi ei samanfating av saka. Element som kan inkluderast her er ein presentasjon av bakgrunnen for saka, ei kronologisk framstilling av arbeidet med saka, problemstillingane saka reiser, relevant informasjon frå eksterne og interne kjelder etc. Lista er ikkje uttømmende, og dei ulike elementa vil ikkje nødvendigvis vera relevante i kvar sak – her er det opp til saksbehandlar sitt skjønn å avgjera kva som må med for å gi politikarane god innsikt i saka. Hovudregelen her og i dei følgjande punkta er at politikarane må ha all relevant informasjon for å kunne fatta ei godt opplyst avgjerd.	Saksbehandlar
4.c	Økonomiske konsekvensar Her skal dei økonomiske konsekvensane av ei avgjerd i saka beskrivast. Her (og i punkta elles) må ein beskriva både konsekvensane av eit vedtak i tråd med rådmannen sitt forslag, samt konsekvensane av eventuelle andre handlingsalternativ. Ein bør sjå på konsekvensar både for kommuneadministrasjonen sin økonomi (kommunebudsjettet), men òg konsekvensane for bl.a. økonomien til næringslivet i kommunen og for privatøkonomien til innbyggjarane, dersom dette er relevant. Dersom saka ikkje vil ha nokon (synbare) økonomiske konsekvensar bør ein skrive dette i staden for «ikkje relevant».	Saksbehandlar
4.d	ROS-analyse Dersom det er relevant skal det her gjerast ei risiko- og sårbarheitsanalyse. For meir informasjon om ROS-analyser, sjå Kvalitetssystemet: Beredskap → ROS/KU	Saksbehandlar
4.e	Uttale frå barnerepresentanten etter pbl. Etter lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27. juni 2008 nr. 71 (plan- og bygningslova, pbl.) § 3-3, tredje avsnitt, skal kommunestyret sørga for å etablere ei særskild ordning for å ta vare på interessene til barn og	Saksbehandlar

	unge i planlegging etter lova. For perioden 2015-2019 er Vidar Vikse barnerepresentant i Sveio kommune.	
4.f	Vurdering vedkommande folkehelse Folkehelsearbeid er samfunnet sin innsats for å påverka faktorar som direkte eller indirekte fremmar innbyggjarane si helse og trivsel, førebygger psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding og beskyttar mot helsetruslar, samt arbeid for ei jamnare fordeling av faktorar som direkte eller indirekte påverkar helse.¹ For relevante moment i denne vurderinga, sjå bl.a. Overordna plan for helse og omsorg i Sveio for 2015-2020, s. 44-46 og Ruspolitisk handlingsplan for Sveio kommune 2016-2019. Begge ligg på Kvalitetssystemet: Kommunale planar → Kommuneplanar og kommunedelplanar	Saksbehandlar
4.g	Vurdering vedkommande miljø Her skal konsekvensar for bl.a. klima, natur og naturmangfald, villforvaltning, kulturminne og kulturmiljø beskrivast. Det er viktig med eit heilskapleg perspektiv, og hugs å vurdere konsekvensane av ulike handlingsalternativ.	Saksbehandlar
4.h	Vurdering Moment som ikkje fell inn under dei andre punkta i sakspapiret skal behandlast her. Dette er òg den avsluttande delen, slik at ein må knyte saman momenta nemnd tidlegare i sakspapiret, vega argument for og imot ulike handlingsalternativ og konkludera. Konklusjonen skal så omsetjast til eit forslag til vedtak, jf. pkt. 4.i.	Saksbehandlar
4.i	Framdriftsplan Lag eit forslag til framdriftsplan. Dette er mest relevant i større saker, kor eit politisk vedtak basert på det aktuelle sakspapiret vil medføra eit større gjennomføringsarbeid. Her må saksbehandlar i samråd med nærmaste leiar og eventuelt kommunalsjef og rådmann vurdere kor konkret framdriftsplanen skal gjerast, og om eventuelle fristar som blir sett skal vera obligatoriske eller rettleiande. I små, ukompliserte saker kan det vera enklare å føreseia kor mykje tid ein vil trenge på å gjennomføra eit vedtak enn i større saker, f.eks. store byggeprosjekt. Ein framdriftsplan vil uansett vera nyttig for vidare oppfølging, sjølv om ein må setta nokon atterhald.	Saksbehandlar, einingsleiar, kommunalsjef, rådmann
4.j	Rådmannen sitt forslag til vedtak Formuler eit forslag til vedtak. Dette må vera i tråd med konklusjonen under «Vurdering», og ein må ikkje trekka inn moment som ikkje har vore behandla i sakspapiret. Vedtaket bør vera så konkret som mogleg, og ein må unngå tvitydige formuleringar som kan føra til uklarheiter seinare. Dersom det er føremålstenleg kan vedtaket gjerne settast opp punktvis, òg med hovudpunkt og underpunkt.	Saksbehandlar
5.	Meld opp til møte Sakspapir skal meldast opp til relevante møte i WebSak. Ansvarsområda til dei enkelte politiske utvala er avklart i delegeringsreglementet for Sveio kommune. Vel «Meny» og «Meld opp til møte». Vel utval, sakstype (sakspapir etter denne rutinen er alltid «Politisk sak») og møtedato, deretter «Lagre». Dersom saka skal behandlast i fleire utval må ein leggja til kvart enkelt.	Saksbehandlar

¹ <https://www.regjeringen.no/no/tema/helse-og-omsorg/folkehelse/id10877/>

6.	Godkjenning av kommunalsjef (førebels) Før saka sendast til formell godkjenning av rådmann i WebSak, må ansvarleg kommunalsjef få sakspapiret til gjennomlesing og kommentering. Saksbehandlar må avklara med sin kommunalsjef (eventuelt via sin einingsleiar) korleis kommunalsjefen ønsker å få dette gjort. Fleire alternativ er moglege (lista er ikkje uttømmende): ▪ Sakspapiret kan sendast på e-post (ikkje dersom det dreier seg om ei B-sak, sjå pkt. 10) ▪ Sakspapiret kan sendast til gjennomsyn i WebSak: Medan sakspapiret framleis har journalstatus «R» (reservert), trykk på flagget og vel «Lag ny». Trykk på oppgåvetypen «Til uttalelse», deretter «Legg til og søk fram namnet til kommunalsjefen. Dobbelklikk (eller vel «Til ->») og trykk «OK». ▪ Kommunalsjef kan få tilgang til å sjølv redigera sakspapiret: Medan sakspapiret framleis har journalstatus «R», trykk på «Tilgang» (nede til høgre under «Diverse»), vel «Intern tilgangsgsr.», trykk «Søk» (utan å fylle inn noko søkeord), vel «Ja» på spørsmålet som kjem, og finn så namnet på kommunalsjef i søkeresultatet. Dobbelklikk og vel «Lagre».	Saksbehandlar og kommunalsjef
6.a	Frist Fristen for å ha sakspapiret klart til gjennomsyn og (førebels) godkjenning av kommunalsjef er måndag kl. 12.00 éi veke før fristen for å ha sakspapiret klart for endeleg godkjenning av rådmann, sjå pkt. 7.a.	Saksbehandlar
7.	Godkjenning av rådmann (endeleg) Før ei sak kan behandlast politisk må ho godkjennast av rådmann. Medan sakspapiret framleis har journalstatus «R» (reservert), trykk på flagget og vel «Lag ny». Trykk på oppgåvetype «Til godkjenning», deretter «Legg til» og søk fram namnet til rådmann. Dobbelklikk (eller vel «Til ->») og trykk «OK». Rådmann kan velja å godkjenna sakspapiret, eller senda det tilbake med ein eller fleire merknadar. Saksbehandlar avklarar eventuelle merknadar med rådmann, implementerer dei i sakspapiret og sender til godkjenning på nytt. Når sakspapiret er godkjent skal journalstatus endrast til «F» (ferdig). Då kan politisk sekretær inkludere saka i innkallinga til møte i det aktuelle utvalet.	Saksbehandlar og rådmann
7.a	Frist Fristen for å sakspapiret klart til gjennomsyn og (endeleg) godkjenning av rådmann er måndag kl. 12.00 to veker før møte i første utval sakspapiret skal behandlast i. Datoar for levering til rådmann følger eksplisitt av den politiske møteplanen.	Saksbehandlar
8.	Påføring av vedtak Etter at ei sak er behandla i eit politisk utval påfører politisk sekretær utvalet sitt vedtak på sakspapiret. Når saka er ferdigbehandla politisk set politisk sekretær ein såkalla vedtakskode på saka (vanlegast er «vedtak påført – klart til oppfølging» eller «vedtak iverksett»). Då vil saksbehandlar få melding om dette i form av ei ny «korg» til venstre i sin WebSak.	Politisk sekretær
9.	Vidare oppfølging Når eit sakspapir har blitt påført vedtak og vedtakskode, må saksbehandlar, eventuelt i samråd med leinga, ta dei relevante steg vidare i tråd med vedtaket som er gjort; å arbeide vidare med eit større sakskompleks, senda ut vedtaksbrev til partane etc.	Saksbehandlar, einingsleiar, kommunalsjef, rådmann

9.a	Tolking av vedtak Dersom eit politisk vedtak skulle vera tvitydig eller på annan måte vera så uklart at administrasjonen ikkje er sikre på kva som skal til for å oppfylle politikarane sitt ønske i saka, skal spørsmålet leggjast fram for rådmannen. Rådmann avgjer om tolkingsspørsmålet må leggjast fram for politisk behandling for å få ei avklaring.	Saksbehandlar, einingsleiar, kommunalsjef, rådmann
10	B-saker B-saker er politiske saker som pga. sensitive opplysningar ikkje skal offentleggjerast. I behandlinga av slike saker må ein derfor vera ekstra varsam. Mellom anna skal slike saker ikkje sendast pr. e-post, og ein bør òg unngå å skriva dei ut – avgrens all behandling til WebSak. B-saker meldast ikkje opp til ordinære møter, men eigne B-saksmøter. Ta kontakt med politisk sekretær i god tid og be om at det blir oppretta eit B-saksmøte i Acos Møte. B-saker blir heller ikkje formidla til politikarane via Fluix, men på rosa ark som blir sende pr. post.	Saksbehandlar, einingsleiar, kommunalsjef, rådmann, politisk sekretær

6. Avvik

Avvik frå rutinen for saksbehandling av politiske saker kan tar form av følgjande (lista er ikkje uttømmende):

- Ikkje mogleg å halda framdriftsplanen for klargjering av sakspapiret. avtalt mellom saksbehandlar og nærmaste leiar, eller ikkje mogleg å halda fristane sett i møteplanen, jf. prosesspunkt 2 over.
- Ikkje mogleg å få tilgang til all nødvendig informasjon, jf. prosesspunkt 3 over.
- Ikkje mogleg eller ønskeleg å fylla ut alle punkta i sakspapiret, jf. prosesspunkt 4.a til 4.j over.
- Ikkje mogleg å halda framdriftsplanen for oppfølging av politisk vedtak, jf. prosesspunkt 4.i over.

Ein må ta ei konkret vurdering korleis ein skal handtera det enkelte avvik. Som hovudregel skal saksbehandlar kontinuerleg halda sin nærmaste leiar oppdatert, og avvik frå prosedyren må berre gjerast i samråd med nærmaste leiar. For større avvik må ein ha dialog med kommunalsjef og/eller rådmann.

7. Referansar

- Politisk møteplan, jf. arkivsak-ID 13/1298.
- Overordna plan for helse og omsorg i Sveio for 2015-2020, jf. journalpost-ID 15/4738
- Ruspolitisk handlingsplan for Sveio kommune 2016-2019, jf. journalpost-ID 16/629
- Delegeringsreglement for Sveio kommune, jf. journalpost-ID 18/12631

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	07.05.19	9/19
Formannskapet	13.06.19	
Kommunestyret	17.06.19	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Ariksak:
Toril Hallsjø	212	

SVEIO KOMMUNE - UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2018

Vedlegg:

1. Framlegg til **uttale frå kontrollutvalet** til årsrekneskapen 2018
2. Revisjonsmelding for 2018 frå Deloitte AS v/revisor Else Holst-Larsen
3. Revisjonsrapport 2018 – brev nr 3
4. Hovudoversyn – drift og investering
5. Skjema 1A og 1B, 2A , 2B
6. Balansen
7. Note 7 og 8 (dei andre IM)

Saksorientering:

Innleiing

Vedlagt følgjer Sveio kommune sine hovedoversyn til årsrekneskap for 2018, årsrapport for 2018, signert revisjonsmelding og revisjonsrapport frå Deloitte, dagsett 12.04.19 (vedlegg 2 og 3) og framlegg til uttale frå kontrollutvalet (vedlegg 1). Heile rekneskapen med notar og årsrapport for 2018 ligg på kommunen sin nettside.

Forutan revisor, vil også rådmann og økonomisjef delta under handsaminga av saka. Rekneskapskjema blei oversendt sekretariatet 05.04.19 og årsmeldinga fyrst 25.04.19 frå økonomisjef.

Bakgrunn

Det går fram av forskrift om kontrollutval § 7 at kontrollutvalet skal gi uttale om årsrekneskapen:

«Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret. Uttalelsen avgis til kommunestyret. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret.»

Det er ikkje eit krav etter noverande kommunelov at kontrollutvalet handsamer årsmeldinga, men den følgjer med som sakstilfang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og rekneskapen.

Kommunestyret skal vedta årsrekneskap og årsmelding i same møte. Årsrekneskapen vert vedteken etter innstilling frå formannskapet. Om årsrekneskap og årsmelding (for kommuner og fylkeskommuner) står det følgjande i Forskrift om årsrekneskap og årsberetning § 10:

Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas av kommunestyret (og fylkestinget) sjølv senest seks måneder etter regnskapsårets slutt.

Årsregnskapet skal være avlagt av fagsjef for regnskap innen 15. februar i året etter regnskapsåret.

Administrasjonssjefen (eller kommune-/fylkesrådet) utarbeider årsberetningen, og fremmer denne for det organ kommunestyret (eller fylkestinget) bestemmer. Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold, og senest innen 31. mars. Hvis årsberetningen ikke fremmes for kontrollutvalget, skal den oversendes til kontrollutvalget før kontrollutvalget avgir uttalelse til årsregnskapet. Årsberetningen skal foreligge til behandling i kommunestyret (eller fylkestinget) samtidig med at årsregnskapet skal behandles.

Der det er vesentlige avvik mellom utgifter i årsregnskapet og bevilgning til formålet i regulert budsjett, skal det redegjøres for avviket. Tilsvarende gjelder ved avvik mellom inntekter i årsregnskapet og regulert budsjett.

Administrasjonssjefen (eller kommune-/fylkesrådet) skal vurdere tiltak for å bedre den økonomiske oppfølgingen gjennom året dersom det oppstår vesentlige avvik fra regulert budsjett.

Etter forskriften § 8 skal også kontrollutvalet sjå etter at revisjonen sine merknader (i revisjonsmelding og/eller i årsoppgjersbrev/rapport) blir følgt opp.

Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale:

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er Sveio kommune sitt avlagde årsrekneskap for 2018 og notar, revisjonsmeldinga, revisjonsrapport og rådmannen si årsrapport.

Årsrekneskapen

Det framlagde rekneskapen for 2018 viser kr 332.043.386 til fordeling drift. Rekneskapen syner eit **brutto driftsresultat** (tilhøvet mellom driftsutgifter inkl. avskrivningar og driftsinntekter inkl. skatteinntekter og rammeoverføringar) på 21,4 mill. kroner.

Netto driftsresultat er brutto driftsresultat justert for finansinntekter og finanskostnader. Netto driftsresultat blei på 26,4 mill. kr mot regulert budsjett på 23,1 mill.kr. Det utgjør 5,3 %.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene blir nytta som et mål på økonomisk handlingsfridom. Teknisk beregningsutval (TBU) anbefaler at denne storleiken over tid bør ligge på rundt 1,75 prosent. Kommunen sitt snittdriftsresultat for 2018 er dermed svært solid og godt øve TBU sitt anbefalte nivå.

Rekneskapstall for kommunane generelt viser også ein forbetring av driftsresultata frå året før. Betringa i driftsresultatet skyldast mellom anna auka tilskot frå inntektsutjamning mellom kommunane og tilskot frå Havbruksfondet. For Haugalandskommunane varierte resultatet frå ca 2 % til 11 %.

Årets resultat på 5,3 % for Sveio kommune er over resultatet i fjor (5,1 %), og godt over landssnittet på 2,6 %.

Sum utgifter i investeringsrekneskapen i 2018 er på 54,7 mill. kr. Justert for finanstransaksjonar og inntekter var finansieringsbehovet på 40,3 mill. kr. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

Totalt sett er rekneskapen gjort opp med **eit rekneskapsmessig mindreforbruk (driftsoverskot)** på **kr 5.966.742**. Resultatet er 1,7 mill. kr meir enn i fjor.

Notar

For at rekneskapen skal gje brukarane så god informasjon som mogleg er det viktig at tala i rekneskapen blir supplerte med notar som gjev tydeleg henvisning til kva element i årsrekneskapen dei knyter seg til. Vidare er det i KRS (kommunal rekneskapsstandard) nr 6 lista opp ei rekkje notar som bør vera med i rekneskapen.

Notane som er utarbeidde til rekneskapen i år er dei same som tidligare år.

Årsmelding

Etter lova skal det leggjast fram ei årsmelding/-rapport som skal gi opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stoda og resultatet av verksemda, samt om andre forhold av vesentleg tyding for kommunen.

Årsmeldinga skal i følge årsrekneskap- og årsberetningsforskrifta vere klar innan 31. mars.

Det er krav om at rådmannen skriv noko om kva som er gjort eller om dei planar som er laga innanfor arbeidet med **eigenkontroll** og arbeidet med å heve **etikken** i kommunen. Det skal også skrivast noko om faktiske tilstand når det gjeld **likestilling** i kommunen.

Årsrapporten gir utfyllande opplysningar til det talmateriale som går fram av rekneskapen. Forklaringar på avvik er gjort nærare greie for i rapporten.

I årsrapporten har rådmannen kome med mellom anna følgjande kommentar om økonomien:

«Det økonomiske resultatet for Sveio kommune vart godt i 2018. Netto driftsresultat enda på 26.4 millionar kroner. Dette er 5,3 % av brutto driftsinntekter og godt over styresmaktene si anbefaling på 1,75 %. Betre resultat enn budsjettert skuldast i hovudsak auka tilskot frå inntektsutjamning mellom kommunane, auka tilskot frå staten til satsingar innan skule og auka tilskot frå Havbruksfondet (ikkje årleg tilskot). Sjå eige tema om økonomi lengre nede i årsrapporten.

For åra som kjem, er det naudsynt for Sveio kommune å leggje til rette for ei drift som har reserver til å takle investeringar i nye anlegg og drift av desse, då særskilt badeanlegget. I tillegg må ein syte for å vera robust i høve til sentrale styresmakter sine signal om trongare økonomi for kommunane».

Generelt om innhaldet i ei revisormelding

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

I årsoppgjersbrevet/revisjonsrapport kan revisor komme med merknader om forhold som er av ein slik karakter at han/ho finner grunnlag for å kommentere desse. Rådmannen skal då ha høve til å gje sin uttale.

Revisor si revisjonsmelding

Revisjonen har lagt fram si revisjonsmelding innan fristen 15. april. Revisor har avlagt så kalla rein melding eller standardberetning, dvs utan etterhald eller presiseringar.

Revisor konkluderar med at:

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2018, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

.....

- dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.
- at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.
- leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Revisor har, i tillegg til meldinga, også kome med ei revisjonsrapport (brev nr 3). Revisor har heller ikkje i år kome med noko som kommunen bør sjå nærare på.

I revisjonsrapporten skriver revisor mellom anna:

“Kommunen har gjennomgåande etablert tilfredstillande rutinar, og det er ikkje avdekket vesentlege feil og manglar ved rekneskapsføringa eller årsrekneskapen. Vi opplever dialogen med kommunen som svært open og god, og vi har fått tilgang til all informasjon vi har bede om».

I møtet vil ho gje ei munnleg orientering i møtet om innhaldet om revisjonen gjennom året og av årsoppgjeret.

Meldinga frå revisor dannar grunnlaget for om den oppfølginga kontrollutvalet eventuelt må foreta i medhald av forskrifta § 8. Kontrollutvalet skal vurdere om dei vil ha tilbakemelding frå administrasjonen på merknaden i revisjonsrapporten eller noko anna revisjonen tar opp i i møtet.

Sekretariatet meiner ut frå det tilsendte ikkje at det er naudsynt.

Rådmannen vil utarbeide saksframlegg for formannskap og kommunestyre der også framlegg til disponering av mindreforbruket går fram. Rådmann og økonomisjef vil orientere på kontrollutvalsmøtet.

Kontrollutvalet sin uttale


Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen (vedlegg 1).

Kontrollutvalet må vurdere om det er forhold i årsrekneskapen dei vi spesielt kommentere i sin uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orienteringa gjeve i møtet.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Sveio vedtek uttale til årsrekneskapen 2018 slik den ligg føre (/ med desse endringane/tillegga).

Aksdal, 30.04.19



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

Til kommunestyret i Sveio

Kontrollutvalet sin uttale om årsrekneskapen til Sveio kommune for 2018

Innleiing

Kontrollutvalet har i møte 07.05.19, sak 9/19 handsama Sveio kommune sin årsrekneskap for 2018.

Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversyn, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar.

Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen med notar, revisjonsmelding dagsett 12.04.19, revisjonsrapport nr 3, dagsett 12.04.19 og rådmannen sin årsrapport 2018. I tillegg har revisor og økonomisjef supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar under handsaminga av årsrekneskapen i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sin uttale:

Årsrekneskapen til Sveio kommune for 2018 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på 6 mill. kr.

*Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit **positivt netto driftsresultat** med 26,4 mill. kr., som utgjer 5,3 % av driftsinntektene. Det er litt betre resultat enn i fjor, som var på 5,1 %, og resultatet i år er godt over teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%.*

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2018, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2018 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2018 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.18.

Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til årsrekneskapen til Sveio kommune for 2018.

Sveio, 07.05.19

Olav Haugen
Leiar av kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet

Til kommunestyret i Sveio kommune

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS

Mottatt dato: 23.04.19

Journalført: 19/132/6ha

Arkivkode: 212

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Sveio kommune som viser kr 332.043.386 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 5.966.742. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2018, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2018, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Administrasjonssjefen er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av informasjon i kommunens årsrapport, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Administrasjonssjefen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide et årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir innhald vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av trygggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer.

Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feile presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av administrasjonssjefen, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og administrasjonssjefen mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Haugesund, 12.april 2019
Deloitte AS



Else Holst-Larsen
statsautorisert revisor

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Administrasjonssjefen
Kommunestyret

Sveio kommune
Att.: Kontrollutvalget
Rådhuset

5550 Sveio

12.april 2019

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 23.04.19
Journalført: 19/133/429
Arkivkode: 212

Revisjonsrapport nr. 3
(journalføres)

REVISJONSRAPPORT 2018

1 Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2018, og vil nytta høvet til å gje ei kort tilbakemelding om revisjonsarbeidet, og formidla observasjonar som det etter vår vurdering er viktig at leiinga i kommunen er informert om.

Vi har gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som nødvendige for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og som grunnlag for vår revisjonsmelding.

Deloitte utfører ein risikobasert revisjon. Dette inneber at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjon og rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisera kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Vi vil presisera at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablera og gjennomføra ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette skal leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formuesforvaltninga er ordna på ein trygg måte.

Kommunen har gjennomgåande etablert tilfredsstillande rutinar, og det er ikkje avdekka vesentlege feil eller manglar ved rekneskapsføringa eller årsrekneskapen. Vi opplever dialogen med kommunen som svært open og god, og vi har fått tilgang til all informasjon vi har bede om.

2 Revisjonen gjennom året

Ved interimrevisjonen har vi på nokre utvalde rekneskapsområde kartlagt og testa om vesentlege interne kontrollar har fungert i heile rekneskapsperioden. I tillegg har vi nytta analysar og kontrolltestar som grunnlag for å vurdere kvaliteten på rekneskapen. Vidare har vi utført kontroll av vesentlege inntekts- og kostnadspostar i rekneskapen.

Vi har ikkje avdekka forhold som var av ein slik karakter eller storleik at dei fører til uvisse med omsyn til den framlagde årsrekneskapen.

Dokumentasjonen på årsrekneskapen som er blitt lagt fram for revisjon har hatt tilfredsstillande kvalitet.

3 Revisjonen av årsoppgjeret

Revisjonen av årsrekneskapen har i stort grad vore retta mot å verifisera balansepostane pr. 31.12.2018. Vi har lagt vekt på å kontrollera at inntekter og gjeld er fullstendige og at egedelar og utgifter er gyldige. I tillegg har vi avstemt/kontrollert større inntektspostar, som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege kostnader/utbetalingar, som løn, tilskot, avdrag og avskrivningar.

4 Bokføringslova og dokumentasjon av rekneskapen

Bokføringslova (Lov 2004-11-19 nr 73) og bokføringsforskrifta (Forskrift 2004-12-01 nr. 1558) vart frå 1. januar 2011 gjeldande for kommunar og fylkeskommunar, samt kommunale og fylkeskommunale føretak. Det betyr at desse må følgja alle reglane i bokføringslova § 2 til § 14. Vidare må bokføringsforskrifta kapittel 2 til 7 følgjast.

Bokføringslova med forskrifter inneheld enkelte nye krav samt vidarefører ei rekkje krav frå tidlegare lover og forskrifter. På fleire område betyr lova ei innstramming jamført med tidlegare praksis. Bokføringslova § 4 gjev 10 grunnleggjande bokføringsprinsipp som skal følgjast.

Ved utarbeiding av årsrekneskap skal det etter bokføringslova § 11 vere dokumentasjon av alle balansepostar i rekneskapen utan dei som er ubetydelege.

Alle betydelege balansepostar pr 31.12. er tilfredsstillande dokumentert.

Med venleg helsing
Deloitte AS



Else Holst-Larsen
statsautorisert revisor



Økonomisk oversikt - drift

1 SVEIO KOMMUNE - 2018

06.03.2019

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Driftsinntekter				
Brukerbetalinger	14.151.164,45	14.007.890,00	13.325.890,00	13.995.161,15
Andre salgs- og leieinntekter	34.142.852,39	36.799.959,00	37.458.959,00	37.256.256,17
Overføringer med krav til motytelse	75.193.558,45	60.367.221,00	58.675.078,00	70.699.095,39
Rammetilskudd	192.236.358,00	188.100.000,00	185.400.000,00	165.870.675,14
Andre statlige overføringer	31.670.387,35	28.533.692,00	19.928.692,00	17.900.554,19
Andre overføringer	549.100,00	318.000,00	318.000,00	610.068,67
Skatt på inntekt og formue	140.485.711,66	139.600.000,00	140.900.000,00	160.876.526,88
Eiendomsskatt	6.301.856,54	6.160.000,00	6.360.000,00	7.649.580,88
Andre direkte og indirekte skatter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum driftsinntekter	494.730.988,84	473.886.762,00	462.366.619,00	474.857.918,47
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	244.706.118,97	234.268.275,71	232.638.376,00	233.938.445,06
Sosiale utgifter	62.731.781,27	62.736.565,00	71.616.103,00	62.002.464,61
